



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 31.10.2017
Tid: 14:30 – 15:50
10:00 – 14:30 – Budsjettmøte i utvida formannskap

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef

På budsjettmøte i utvida formannskap møtte ovannemnde, i tillegg til utvalsleiar for plan og miljø Torstein Grimen (H), nestleiar i utval for oppvekst og omsorg Vigdis Røen Leirvik (AP) og representanten Karen Elisabeth Rydland Sæbø (SP).

Frå administrasjonen møtte:

John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Anne Lise Næs Olsen	Avd.leiar plan og utvikling
Tore Nesbø	Avd.ingeniør drift

Wenche Tislevoll
ordførar

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 58/17	Godkjenning av protokoll	
PS 59/17	Overføring av vigslingsmynde frå domstolane til kommunane	
PS 60/17	Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter	
PS 61/17	Kriteria for sal av bustader på Gartnareigedomen	
PS 62/17	Ymse	
PS 63/17	Meldingar	
PS 64/17	Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021	

Sak PS 64/17 – Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 – vart handsama på budsjettmøte i utvida formannskap, før ordinært formannskap vart sett.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) hadde merknad til justert innkalling. Når det vert sendt ut justert innkalling ber han om at det vert sendt ein forklarande epost for å unngå misforståingar om kva versjon av innkallinga som er gjeldande.

Innkalling og sakliste godkjent med denne merknaden.

PS 58/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokollen frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 59/17 Overføring av vigslingsmynde frå domstolane til kommunane

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgande vedtak:

1. Fitjar kommune skal ha tilbod om vigsel til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busette i Noreg men som oppfyller vilkåra for å gifta seg her, på virkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00. Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale
2. I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigslar frå 01.01.18.
3. Fitjar kommune vil eventuelt koma tilbake til spørsmålet om å tilby vigsel utanom det alminnelege tilbodet og til innbyggjarar i andre kommunar.

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre framlegg om å ta med tillegg i tilrådinga om at også andre personar kan tildelast vigselfmynd. Formannskapet drøfta framlegget, og meiner at dette er dekkja under pkt. 3.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune skal ha tilbod om vigself til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busette i Noreg men som oppfyller vilkåra for å gifta seg her, på virkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00. Kommunestyresalen skal nyttast som vigsselflokale
2. I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigsself frå 01.01.18.
3. Fitjar kommune vil eventuelt koma tilbake til spørsmålet om å tilby vigself utanom det alminnelege tilbodet og til innbyggjarar i andre kommunar.

PS 60/17 Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert fremja utan tilråding, for politisk vurdering.

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet la føre felles framlegg til vedtak:

Fitjar kommune deltek i KS sitt digitaliseringsprosjekt. Finansiering, kr. 64.000,- vert å ta av disposisjonsfondet.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune deltek i KS sitt digitaliseringsprosjekt. Finansiering, kr. 64.000,- vert å ta av disposisjonsfondet.

PS 61/17 Kriteria for sal av bustader på Gartnareigedomen

Framlegg til vedtak:

Ein føreset at vedtak blir å formulera i møtet.

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Formannskapet drøfta saka. Det er kome innspel frå bebuarar og pårørande på Gartnartunet om å koma i dialog med kommunen vedk. føringar om sal av resterande tomtar på området.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la føre framlegg om å utsetja saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert utsett til møte i formannskapet 6. desember.

PS 62/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H) vedk. utlysing av kulturpris og næringspris. Han meiner at det er sett for kort frist for å senda inn forslag, kan fristen utvidast? Ordføraren har allereie snakka med kultur- og informasjonssjefen om å utvida fristen. Dette må informerast om på kommunen si nettside og facebook-side, samt Fitjarposten.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Prosesen om tilsetjing av ny rådmann - tilsetjingsutvalet har hatt 4 kandidatar til intervju, har engasjert konsulent som skal bidra vidare i prosessen. Kjem attende med meir informasjon medio november.

Søknad om etablering av vinmonopol i Fitjar – kommunen er fortsatt aktiv med søknad om å få etablere vinmonopol. Ordførar hadde møte med pressesjef Jens Nordahl i Vinmonopolet AS 24.10.17.

PS 63/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Meldt i møtet:

- Melding om skatteinngang september 2017, her er dramatisk svikt i inntekta.
- Brev frå Fiskeridirektoratet av 10.11.17, utbetaling av midlar i.f.m. tildeling av tillatelse til lakseoppdrett.
- Protokoll frå møte i representantskapet Sunnhordland interkomm. Legevakt, 29.09.17
- Budsjett og økonomiplan 2018-2021 Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Melding frå rådmann Atle Tornes:

Fitjar kommune overtok FBB frå Helse Fonna den 1. mai i år. Helse Fonna har varsla at skøyte for heimsoverføring er sendt til kartverket for tinglysing. I tråd med avtalen forfell kjøpesummen den 24. november.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 64/17 Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram til politisk handsaming

Behandling i Formannskapet - 31.10.2017:

Rådmannen la fram framlegg til budsjett for 2018. Rådmannen og leiargruppa gjekk gjennom dei enkelte sektorane i kommunen.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

